



Oscar Hendriks i samarbeid med
Anne Ruth S. Mikalsen,
Kommuneoverlege Kviteseid
Kviteseid legekontor
Granlivegen 1A
3850 Kviteseid
Tlf: 35068250

17. desember 2020

Til alle bebuarane ved Kviteseid omsorgssenter!

Endeleg har vi ein god koronainformasjon å kome med. Vi held på å forberede vaksinasjon i henhald til retningslinjene frå staten. Du er ein av dei som blir prioritert fyrst, då staten har bestemt at alle kommunar skal byrje å vaksinere bebuarar ved sjukeheimar og omsorgsbustadar.

Vi veit at vi får vaksine til kommunen, men veit ikkje når eller kor mange doser vi får. Det vi veit er at når kommunen mottok vaksina, så har vi svært kort tid på å få ting gjennomført. Vi må difor ha gjort mykje arbeid klart på førehand.

Vi er difor avhengig av samarbeid frå alle dykk som mottok dette informasjonsskrivet. Vi treng svar frå dykk på om de er interesserte i å ta vaksina eller ikkje. Vi treng eit skrifteleg svar frå deg **innan 23.12.2020. Svaret kan leverast til einingsleiar.**

Skal vi klare å få effekt av vaksina og få ei normalisering av samfunnet er vi avhengig av at flest mogleg tek vaksina, men samstundes er det ingen som kan tvingast til å ta vaksine mot si overbevisning eller ynskje.

Det finst folk som har problem med å uttrykke eige ynskje, då vil næraste pårørande måtte svare på kva dei veit vil vere ynskje til den aktuelle innbyggjaren. Eventuelt kan verje svare, for dei som har oppnemnt verje for seg.

Innbyggjarane får vaksine i Kviteseid, uavhengig av kor dei har fastlege. Det er heimkommunen som har vaksineansvaret og ikkje fastlegen.

Her er korleis vi er pålagt å prioritere innbyggjarane i Kviteseid. I gruppe 1 er det berre at ein bur på sjukeheim eller i omsorgsbustad som er teljande kriterium. I 2.-4. gruppe er det berre alder som er teljande kriterium. I 5. gruppe er det alder OG minst eit tilleggskriterium.

Prioriterte grupper til Koronavaksinering

- 1) Alle som bur på KOS eller i omsorgsbustadane Midtsundtunet og Midtsundtoppen
- 2) Alle innbyggjarane i kommunen som er 85 år eller eldre
- 3) Alle innbyggjarane i kommunen som er i aldersgruppa 75-84 år
- 4) Alle innbyggjarane i kommunen som er i aldersgruppa 65-74 år
- 5) Alle innbyggjarane i kommunen i aldersgruppa 18-64 år DERSOM dei i oppfylgjer eit eller fleire av underståande tilleggskriterie:
 - a) Organtransplanterte
 - b) Nevrologisk sjukdom eller muskelsjukdom som medfører nedsatt hostekraft eller lungefunksjon
 - c) Kronisk nyresjukdom eller betydeleg nedsatt nyrefunksjon
 - d) Kronisk leversjukdom eller betydeleg nedsatt leverfunksjon
 - e) Mottek immundempande behandling i forbindelse med autoimmun sjukdom
 - f) Diabetes
 - g) Kronisk lungesjukdom (gjeld ikkje velregulert astma)
 - h) Fedme/overvekt (BMI over 35 kg/m²)
 - i) Hematologisk kreftskukdom (blodkreft) dei siste 5 åra
 - j) Annen aktiv kreftsykdom, pågåande eller nyleg avslutta behandling mot kreft (gjeld spesielt immundempende behandling, strålebehandling mot lungene eller cellegift)
 - k) Immunsvikt
 - l) Kronisk hjerte- og karsjukdom (gjeld ikkje høgt blodtrykk)
 - m) Hjerneslag
 - n) Demens

Med beste helsing

Anne Ruth Syrtveit Mikalsen og Oscar Hendriks

Kommuneoverlege og fastlege

Svarbrev. Leverast til innan 23.12.2020.

Eg _____ (Namn)

Svarer sjølv / får hjelp av næraste pårørande / får hjelp av verge
(Stryk ut det som er feil svar)

Fødsel og personnummer: _____

Adresse: _____

Telefon: _____

Ynskjer tilbod om vaksine når den blir tilgjengeleg: **JA** **NEI**

Dato

Signatur/namn til den som har fylt ut skjemaet